



Dåpsbarnet Mathias saman med mamma Merethe, bestefar Olav Arne og oldefar Peder. (Foto: Privat)

**Sist søndag vart 2,5 månader gamle Mathias Ljosnes Jordbrekk døypt i Haugesund. Dåpsbarnet hadde ein spesiell ting til felles med mamma, besten og oldefar som alle var til stades. Alle fire generasjonane har nemleg vorte borne til dåpen i same dåpskjole.**

Den flotte dåpskjolen er truleg den eldste vi har i bygda. Den vart brukt første gang i 1884 då Hans Larsen Eidsvik og Brita Sørensdotter Døssland døypte første barnet sitt Samson. Inger Bolette Øye frå Sniltsveitsøy (bestemor til Peder Ljosnes som bur på Ljosnes i dag m.fl.) var taus i Eidsvik og fekk denne i tausalønn. Då ho gifta seg med Peder Ljosnes i 1895, hamna dåpskjolen på Ljosnes, og året etter då Peder og Inger Bolette fekk sitt første barn, vart dåpskjolen for første gang brukt i Ljosnes-familien.

Etter det har svært mange i Ljosnes-familien blitt borne til dåpen i den flotte 128 år gamle kjolen. Sist søndag var det altså vesle Mathias sin tur, og på dåpsfesten var 4 generasjonar som hadde blitt døypt i kjolen, samla. I tillegg til dåpsbarnet var det mamma, Merethe Ljosnes Jordbrekk(30 år), besten Olav Arne Ljosnes(56) og oldefar Peder Ljosnes (82).

Kor mange fleire som har vorte borne til dåpen i den 128 år gamle dåpskjolen, er usikkert, men at det er eit høgt tal, er opplagt. - Den har farta mykje, kan oldefar Peder fortelja.

Tekst: Thor Inge Døssland



Oldemor Erna Ljosnes steller varleg med den gamle og verdfulle dåpskjolen(Foto: Ola M. Mathisen)